

Rapport frå ekstern skulevurdering

**Tysværvåg barne- og ungdomsskule, Tysvær kommune
Mai 2014**



1. Innhaldsliste

Kapittel.....	side
1. Innhaldsliste	2
2. Forord	3
3. Fakta om skulen	4
4. Deltakarane i vurderingsarbeidet	4
5. Grunnlaget for vurdering	4
6. Informasjonskjelder	5
7. Skulen sine sterke sider.....	6
8. Skulen sine utfordringar	7
9. Oppsummering av skulen sine utfordringar	9
10. Funn	10

2. Forord

Ramma for system for skulevurdering byggjer på:

Opplæringslova § 13 – 10 Ansvarsomfang:

"Kommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte"

Forskriftene § 2 - 1 Skulebasert vurdering:

"Skulen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet".
"Skuleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene".

Forskriftene § 2 - 2 Rapportering frå kommunen og fylkeskommunen:

"Skuleeigaren skal medverka til å etablere administrative system og å innhente statistiske og andre opplysningar som trengs for å vurdere tilstanden og utmeklinga innanfor opplæringa".

Det overordna målet for det nasjonale systemet for kvalitetsvurdering er å bidra til kvalitetsutvikling på alle nivå i grunnopplæringa med fokus på tilpassa opplæring og økt læringsutbytte for kvar einskild elev.

I ramma for skulevurderingssystemet er det laga eit system for intern skulevurdering (*Eigenvurderinga*) og for ekstern vurdering av skolane. System for skulevurdering skal vere ein reidskap som skuleleiingar og lærarar opplever som nyttig i det å utvikle skulen. Skulevurdering er forpliktende for skule og skuleeigar.

System for skulevurdering består av

- *Eigenvurderinga*
- rektors rapport etter *Eigenvurderinga*, med utvelging av områder skuleeigar og skulen ser behovet for å utvikle
- ekstern skulevurdering
- dialog med skuleeigar

System for skulevurdering skal

- bidra til endringsprosessar for å forbetre skulen si verksemd
- vere eit utgangspunkt for dialog mellom skule og skuleeigar

Skulen skal

- analysere, tolke og følge opp eigne resultat og funn
- gjennomføre eigenvurderinga i tråd med den einskilte kommune sin plan
- rektor sammen med personalet gjennomgår og tolkar funn frå *Eigenvurderinga*
- delta i ekstern skulevurdering hvert 3. - 4. år

Skuleeigar skal

- ha eit system for skulevurdering (§ 13-10)
- sikre gjennomføringa av skulevurderinga
- ha oppfølging med den einskilte skule
- ha eit system for innhenting av opplysningar for å vurdere tilstanda i skulen (forskrift § 2-2)

Deltakarar i skulevurdering

- lærarar og skuleleiinga på den einskilde skule
- eksterne skulevurderarar

3. Fakta om skulen

Skule:	Tysværvåg barne-og ungdomsskule
Rektor:	Geir Dybdahl
Skuletype:	Barne- og ungdomsskule
Antall lærarar og fagarbeidarar/ assistenter:	29 lærarar, 10 assistentar og 2 vernepleiarar
Antall klassar og elevar:	20 kontaktlærarar, trinna er ikkje delte i alle timane, 275 elevar
Dato for ekstern vurdering:	Veke 19

4. Deltakarar i vurderingsarbeidet

Namn	Tittel, kommune
Louise Kvitvang	Skulefagleg rådgjevar seksjon skule- og barnehage, Haugesund kommune
Olav Rommetveit Staveland	Inspektør/lærar Haugesund Kommune
Marianne R. Notland	Inspektør /lærar Haugesund Kommune

Informantar som er brukte i vurderingsarbeidet: Elevar, lærarar, fagarbeidar/assistent/vernepleiar og leiinga ved skulen.

5. Grunnlag for vurdering

Hovudområda i den eksterne skulevurderinga samsvarer med påstandane i Eigenvurderinga, som har følgande hovudområder:

1. Eleven
2. Læringsmål
3. Oppgåver
4. Organisering
5. Villkår for læring
6. Arbeidsmåter
7. Undervegsvurdering
8. Skuleleiing

For kvart av hovudområda er det utarbeida kriterier. Desse er utforma som påstandar og byggjer på sentrale prinsipp i Kunnskapsløftet:

- inkludering
- likeverdig skuletilbod
- tilpassa opplæring

Vidare byggjer kriteriene på undersøkingar gjort av Erling Lars Dale og Jarl Inge Wærness (2003). Dei har laga sju kategorier om korleis lærarar praktiserte tilpassa opplæring. Det åttande hovudområdet er tatt med etter som skuleleiing er sentralt i arbeidet med å gje elevane tilpassa opplæring.

For kvart kriterium er det utarbeida kjenneteikn på god praksis som seier noko om kvaliteten på elevane si læring og læringsutbytte. *Kjenneteikn på god praksis* er utgangspunkt for observasjonar og intervju.

Med bakgrunn i *Eigenvurderinga*, rektor sin rapport etter *Eigenvurderinga*, intervju og observasjonar, har vurderingsteamet valgt å vektlegge følgjande hovudområder i den delen av rapporten (kapittel 8) der me tar for oss skulen sine utfordringar:

- Felles forståing av korleis drive undervegsvurdering
- Skulen som lærande organisasjon og leiing av utviklingsarbeid

Eit signifikant gap er 1,00 eller meir mellom reell og ønska praksis.

I tillegg vil me peike på områder der me meiner skulen gjer det godt, noko som kjem fram i kapittel 7, skulen sine sterke sider.

I funndelen (kapittel 10) blir skulen og skuleeigar sine valgte områder omtala. Vurderarane kan og omtale andre områder dei meiner er relevante. Skulen vil og i funndelen kunne finne andre områder for utvikling.

I funndelen (kapittel 10) har me tatt med tabellar der gapet mellom reell og ønska tilstand er lik 1,00 eller større. Me har og valgt å kommentera nokre tabellar frå *Eigenvurderinga* der gapet er mindre enn 1,00. Me har berre tatt med tabellar me meiner me har grunnlag for å seie noko om, eller som har relevans for det me meiner er skulen sine utfordringar (kapittel 8).

6. Informasjonskjelder

I vurderingsoppdraget har vurderingsteamet brukt:

- Dokumentasjonen til skulen
- Eigenvurderinga og rektors analyse av denne
- Teori/forskning, lover og forskrifter
- Kjenneteikn på god praksis
- Intervju med lærarar, eit utvalg elevar, assistentar og i tillegg leiinga
- Observasjonar av undervisninga (28)

I vurderingsoppdraget har vurderingsteamet tolka, analysert og samanstillt dokumentasjon og funn. Dette dannar grunnlag for å vurdere kvaliteten på undervisninga, og i kva grad elevane på skulen får tilpassa opplæring.

I ekstern skulevurdering må vurderingsteamet ta atterhald om at dei funna ein har gjort i observasjonar kun speglar praksis frå dei dagane vurderarane har vore på skulen. I denne rapporten er observasjonar omtalt der me meiner det er eit mønster, eller der observasjonar og mønster av desse blir bekrefta i intervju eller i dokumentasjon. Einskildobservasjonar dannar ikkje grunnlag for konklusjonar.

7. Skulen sine sterke sider

Vårt inntrykk er at skulen har lærarar som er fagleg trygge og som kommuniserer læringsmål til elevane. Dette er ei viktig forutsetning for god læring og i samsvar med retningslinjer frå Utdanningsdirektoratet der me kan lese kva alle elevar på barne- og ungdomssteget har rett til:

« - å få vite kva som er måla for opplæringa. Dette gjeld både kompetansemåla i læreplanen, og læringsmåla som er utarbeidde på den ein skilte skulen»

(No gjeld det, 2009, [Vurdering på barnesteget](#), [Vurdering på ungdomssteget](#))

Lærarane er tydelege klasseleiarar med presise oppstartar av øktene, og har gode overgangar mellom timar og aktivitetar. Skulen er prega av god arbeidsro og at åtferd blir dempa på lågaste nivå. Skulen har gode innarbeidde rutinar slik at oppstart av læringsøktar skjer så raskt som mogleg. Dette er eit gjennomgåande og sterkt trekk ved skulen.

Me meiner at skulen har eit personale som er merksame på å sjå elevane og skape eit positivt læringsmiljø og at dette er i tråd med visjonen og måla til Tysværvåg barne- og ungdomsskule. Visjonen er «Våg å vera god!». Skulen har desse måla: «Gje elevane tru på seg sjølve gjennom mestring, gje dei sosial ferdighet og oppdra dei til å bli ansvarlege samfunnsmenneske. Saman skapa eit godt arbeidsmiljø for alle.»

Forskning peiker på kor viktig dette er for læringa til elevane.

«Å byggja trygge relasjonar med elevane handlar om å respektera elevane sin bakgrunn og kultur samt å ha evne til å lytte, kjenne empati, gje varme og sjå elevane. Elevane sin tillit til læraren skapar tryggleik i læresituasjonen og fører til gode læringsresultat» (Hattie 2009, «[Visible learning](#)» - effekt: 0,72).

Norske forskarar peiker og på det same, mellom anna Terje Ogden: «Lærere som etablerer et inkluderende læringsmiljø, opprettholder arbeidsro og bidrar til at elevene arbeider, er gode ledere og dermed også gode lærere. Denne forståelsen innebærer at læreren som leder bidrar til å styre elevene inn i læringsarbeidet» (Ogden, 2004).

Tysværvåg barne- og ungdomsskule har sjølvstendige lag som deler og samarbeider godt internt på laga. Me meiner at dette fører til at lærarane har god kjennskap til elevane sine sterke og svake sider, både fagleg og sosialt. Det at dei tilsette har ein mogleheit for fleksibilitet og støtte innad i laget er etter vår oppfatning ein styrke for elevane si læring.

Me opplevde at lærarar på skulen ønskjer å utvikle ein samanheng og raud tråd i heile skuleløpet frå 1-10. Dei vil og vere med på å utvikle ein felles pedagogisk plattform og felles forståing av vurdering for læring. Me meiner dette kan vere viktig drahjelp og ein styrke for det vidare arbeidet med skulen sine utfordringar fordi det syner at personalet er innstilt på å bli ein meir samla organisasjon og vere medskaparar.

8. Skulen sine utfordringar

På grunnlag av skulen si eigenvurdering, rektor sin rapport av eigenvurderinga, intervju, observasjonar og skulen sin dokumentasjon, har me valt ut følgjande to hovudområde for utvikling:

- **Undervegsvurdering - vurdering for læring**
- **Lærande organisasjon - skuleleiing**

For å få til ei god innramming av undervisningsøkta må lærarane kommunisere mål, ha variert og praktisk undervisning og ha oppsummeringar knytta opp mot læringsmåla. Me meiner at skulen har god praksis i høve til å kommunisera læringsmåla for elevane. Eit anna viktig moment er å bruke tid i oppsummeringa av læringsøkter og læringsperiodar til å vurdere arbeidet opp mot læringsmåla. Me meiner at auka bruk av vurderingskriterium saman med elevane, vil gjere det lettare å finne fram til kva som må forbetrast i det vidare arbeidet. Dette har ein særleg effekt på læringa dersom elevane sjølve er med på å vurdere eige arbeid.

I følgje John Hattie sin metaanalyse er eigenvurdering den faktoren som har høgast effekt(1,44) på elevane sitt læringsutbytte.(Hattie, Visible learning for teachers, 2012).

Forskrift til opplæringslova gjev elevar og lærlingar rett til ei undervegsvurdering som gjev dei begrunna informasjon om kompetansen i faga og meldingar med sikte på fagleg utvikling (jf. [forskrift §§ 3-11](#) og [3 - 13](#)).

Læraren sin vurderingspraksis har mykje å seie for elevane si læring. Ei utfordring er å få elevane til å kjenne att vurderingsarbeidet uavhengig av lærar. For å få til meir eins vurderingspraksis kan eit viktig tiltak vere at lærarane utviklar felles vurderingskriterium/kjenneteikn på måloppnåing i faga. Dette er etter vår oppfatning eit utviklingsområde som og lærarar trekk fram i intervju.

Personalet har eit ønske om felles forståing for korleis skulen skal drive undervegsvurdering. Ein felles praksis vil føre til at elevane opplever meir lik bruk av eigenvurdering og kriterium. I eigenvurderinga finn me og andre områder der personalet ønsker ein meir felles kultur og forståing. Dette gjeld mellom anna felles diskusjon om korleis mål skal nyttast, og felles forståing av kva som kjenneteiknar god klasseleiing.

Det å skape felles kultur og retning er eit ansvar for leiinga ved skulen, og det er viktig å sikre eigarforhold i personalet i det vidare utviklingsarbeidet.

«Endrings og utviklingsarbeid i skolen handler blant annet om å etablere et profesjonelt læringsfellesskap der både skuleledelsen, lærerne og andre ansatte utvikler seg ut i fra felles mål og til beste for elevene.»(Dufour og Marzano,2011)

«Det er avgjørende at skolen utvikler målsettinger for utviklingsarbeidet som gir mening for de ansatte. Skoleledelsen må skape forståelse av sammenheng mellom den analysen som er gjort og de mål og tiltak som besluttes slik at arbeidet får tilstrekkelig oppslutning i personalet.» (Qvortrup, 2012)

Det er vårt inntrykk at det er eit godt grunnlag for utvikling og endringsprosessar i personalet ved skulen. Arbeidet som leiinga allereie har satt i gang med deleøktar for personalet i fellestid og kollegabasert veiledning, har blitt godt motteke i

personalet. Skulen skal til hausten inn i den nasjonale satsinga «Skulebasert kompetanseutvikling» og har vald ut rekning og klasseleiing som fokusområder. Denne nasjonale satsinga meiner me fell godt saman med skulen sine utfordringar, og kan bli ei god hjelp i det vidare utviklingsarbeidet ved skulen. Skuleleiinga må leie utviklingsprosessane, opprette styringsgruppe og setje retning, samt sikre refleksjon og eigarskap i heile organisasjonen.

«En forutsetning for at skoleledere og lærere bedre kan støtte arbeidet med elevene sin læring, er at skolen utvikler seg som lærende organisasjon.»

(Plan for skulebasert kompetanseutvikling på ungdomstrinnet, 2013-2017).

9. Oppsummering av skulens utfordringar


- **Undervegsvurdering - Vurdering for læring**
 - Felles kriterium i fag
 - Felles forståing av korleis me skal drive undervegsvurdering
 - Bruke vurderingskriterium saman med elevane
 - Oppsummeringar av læringsarbeidet opp mot læringsmåla
- **Lærande organisasjon - Skuleleiing**
 - Utvikle felles kultur innanfor elevvurdering
 - Utvikle felles pedagogisk plattform for vidare utviklingsarbeid i heile organisasjonen(1-10)
 - Sikre felles refleksjon og eigarskap i utviklingsprosessane i heile organisasjonen
 - Setje av tid til forankring av satsingsområda

10. Funn

Område 1: Eleven

- 1.1 Eg kartlegg elevane sin faglege kompetanse
- 1.2 Eg brukar resultat frå kartleggjing når eg planlegg opplæringa
- 1.3 Eg samarbeider med elevane (t.d. gjennom elev- og læringssamtalar) for å bli kjend med elevane sine evner og føresetnader
- 1.4 Eg samarbeider med dei føresette (t.d. gjennom skule-heim-samtale) for å bli kjend med elevane sine evner og føresetnader
- 1.5 Min skule har system for å følgje opp kartleggingsresultat
- 1.6 Min skule har forpliktande system for elevsamtalar og skule-heim-samtalar som skal avklare elevane sine evner og føresetnader
- 1.7 Min skule har forpliktande system for å fange opp elevar som treng spesiell oppfylgjing


1.6 Skulen har forpliktande system for elevsamtalar og heim-skule-samtalar som skal avklare elevane sine evner og føresetnadar



Reell praksis: 5,18. **Ønska** praksis: 5,61. Gap: 0,43.

I lærarane si eigenvurdering kjem det fram at personalet på dette punktet har vurdert reell situasjon til nær ønska situasjon. Lærarane fortel i intervju at dei har elevsamtalar/utviklingssamtalar før kvar skule-heimsamtale, og at dei har skule-heimsamtalane to gonger i året i tråd med opplæringslova. Nokre av elevane uttrykkjer at dei har elevsamtale og skule-heim samtale, medan andre fortel at dei er litt usikre på om dei til no berre har hatt skule-heim samtalar.

1.5 Min skule har system for å følgje opp kartleggingsresultat



Reell praksis: 4,5. **Ønska** praksis: 5,36. Gap: 0,86.

Ressursteamet seier i intervju at dei til no ikkje har vore gode nok på å bruke kartleggingsresultat systematisk. Dei fortel vidare at her kan ressursteamet kome inn og hjelpe til for å vise lærarane at det nyttar å bruke kartlegging som verkty. Ressursteamet uttrykkjer og at bruken av VOKAL bør bli betre.

I intervju fortel lærarane at dei drøfter resultat frå kartlegginga på laget, og at lærer kan ta kontakt med ressursteamet ved behov. Nokre av lærarane fortel at dette er tema på utviklingssamtalen med elevane etter nyttår.


Rektor fortel i intervju at det er farleg å leita etter årsaker til at ein klasse skårer lågt, men at ein må jobbe med resultatata på individnivå. Rektor uttalar vidare at kartleggingsresultata må brukast på individnivå slik at den einskilde får best mogleg utvikling fram mot sluttvurdering. Når det gjeld førebuing til nasjonale prøvar meiner rektor at dei kan bli flinkare, og at skulen har starta eit arbeid kor dei vil fokusere meir på grunnleggande ferdigheiter i alle fag.

I dei dagane me observerte blei det gjennomført kartlegging i ein del av klassane, men me såg ikkje oppfølging av kartlegging.

Område 2: Læringsmål


- 2.1 Eg omformulerer læreplanmåla slik at elevane kan forstå dei
- 2.2 Eg gjennomgår læringsmåla med elevane
- 2.3 Eg har tydelege læringsmål for læringsøktene
- 2.4 Eg hjelper kvar elev til å setje læringsmål som han/ho må strekkje seg etter
- 2.5 Eg diskuterer med elevane kva for kriterium eg kjem til å bruke i vurderinga mi
- 2.6 På min skule har me felles diskusjonar om korleis mål skal utformast
- 2.7 På min skule har me felles diskusjonar om korleis mål skal brukast i opplæringa

- 2.4 Eg hjelper kvar elev til å setje læringsmål som han/ho må strekkje seg etter




Reell praksis: 3,64. **Ønska** praksis: 4,93. Gap: 1,29.

- 2.6 På min skule har me felles diskusjonar om korleis mål skal utformast



Reell praksis: 3,93. **Ønska** praksis: 5,0. Gap: 1,07

- 2.7 På min skule har me felles diskusjonar om korleis mål skal brukast i opplæringa



Reell praksis: 3,93. **Ønska** praksis: 4,93. Gap: 1,0

I vår observasjon såg me at læringsmål for fag blei presentert muntleg og skriftleg for elevane. I dei timane me observerte såg me ikkje at kvar einskild elev fekk sette læringsmål som han/ho må strekkje seg etter. I intervju fortel lærarar at dei gir elevane mål og utviklingsområder i utviklingssamtalen.


Lærarane fortel at dei presenterer mål i starten av dagen og at dei har læringsmåla på arbeidsplanar. Nokre av lærarane legg til at dei går igjennom planane og læringsmåla med elevane, og sjekker at dei har nådd måla. Eit av laga seier at dei har felles planar med felles mål. Eit anna lag seier at dei vil lage ein felles plan for laget, og at dei ikkje alltid bruker ordet mål, men fortel elevane kva dei skal kunne.

Elevane seier at dei får vite måla for undervisninga når dei starter på eit nytt kapittel.

Område 3: Oppgåver

- 3.1 Eg tilpassar oppgåvemengda til kvar enkelt elev
- 3.2 Eg lar elevane bruke ulik tid på dei same oppgåvene
- 3.3 Eg har oppgåver på ulike nivå tilgjengelege for elevane
- 3.4 Eg brukar varierte oppgåver som utfordrar ulike delar av eleven sin kompetanse (til dømes resonnering, problemløysing, kreativitet, samarbeid, løyse individuelle oppgåver)
- 3.5 På min skule deler me erfaringar, kunnskap og undervisningsopplegg
- 3.6 På min skule har me ei felles forståing og praksis i høve til lekser (mengd/innhald)

3.4 Eg brukar varierte oppgåver som utfordrar ulike delar av eleven sin kompetanse (til dømes resonnering, problemløysing, kreativitet, samarbeid, løyse individuelle oppgåver)




Reell praksis: 4,68. **Ønska** praksis: 5,54. Gap: 0,86.

I intervju fortel elevane at dei ofte får same oppgåva i starten av ei økt, men at flinke elevar kan få andre oppgåver eller andre utfordringar når dei er ferdige med desse.

Lærarane fortel i intervju at dei har nokre elevar som har høg måloppnåing og at desse får av og til jobbe med lærestoff frå høgare trinn.

I dei timane me observerte arbeidde elevane for det meste med dei same oppgåvene. I matematikk såg me at læreverket gav moglegheit for differensiering.

3.5 På min skule deler me erfaringar, kunnskap og undervisningsopplegg



Reell praksis: 4,46. **Ønska** praksis: 5,39. Gap: 0,93.

I intervju med lærarane kjem det fram at leiinga har satt i gong med deleøktar i personalet regelmessig i onsdagstida frå og med dette skuleåret. Lærarane seier at dette er veldig positivt og noko som samlar heile skuleløpet (1-10). Lærarane fortel vidare at dei deler mykje innad på laga. Dei har blitt oppfordra til å bruke itslearning, men er ikkje komen godt i gong og at dei her har ein veg å gå.


I intervju fortel ressursteamet at det tidlegare har vore vanntette skott mellom barne- og ungdomssteget. Dei fortel vidare at det no er ein merkbar endring til det betre. Dette forklarar dei med deleøktene i personalet og at personalet planlegg og gjennomfører felles temadagar for alle elevane.

I intervju fortel elevane at dei ynskjer seg fleire slike felles temadagar og fleire felleopplevingar.

Område 4: Organisering

- 4.1 Eg differensierer gjennom tidvis å dele elevane i nivågrupper
- 4.2 Eg organiserer opplæringa på tvers av fag
- 4.3 På mitt trinn brukar me lærarressursane fleksibelt i forhold til elevane sine behov
- 4.4 På mitt trinn brukar me assistentressursane fleksibelt i forhold til elevane sine behov
- 4.5 På min skule organiserer me spesielle tiltak (t.d. kurs og aldersblanda grupper) for å tilpasse opplæringa best mogleg


4.4 På mitt trinn brukar me assistentressursane fleksibelt i forhold til elevane sine behov



Reell praksis: 4,83. **Ønska** praksis: 5,38. Gap: 0,54.

Eigenvurderinga syner at her er det lite gap. I intervju med assistentane seier dei at dei blir brukt på ein god måte og at skulen endrar på ressursbruken ved behova i elevgruppa endrar seg. Fleire assistentar seier at dei er med på lagmøter og har avsett tid til dette.

4.5 På min skule organiserer me spesielle tiltak for å tilpasse opplæringa best mogleg



Reell praksis: 3,89. **Ønska** praksis: 4,85. Gap: 0,96.

I vår observasjon såg me at klassane var organisert i ulik storleik i fleire av faga. Lærarane seier dei er fleksible og laga organiserer klassane ulikt alt etter tema og aktivitet. Dette kjem og fram i intervju med leiinga.

Leiinga fortel at kontaktlærer har ansvar for i snitt 15 elevar. På skulen er det elevar med begge målføre på alle stega. Dette er ei utfordring med tanke på til dømes lekseplanar, lærebøker og å gje alle elevane tilpassa opplæring. Leiinga og lærarar seier at fleksibel organisering er mogleg med dei ressursane som skulen har i dag. Nokre lærarar uttrykkjer bekymring for om dei kan oppretthalde same fleksibilitet i organisasjonen viss rammene blir redusert.


Rektor fortel i sin analyse av eigenvurderinga at ein frå skuleåret 2013-14 har oppretta eit ressursteam som skal hjelpe til med å tilpasse undervisninga, her inngår mellom anna lese- rekne- og IKT-rettileiar.

Ressursteamet seier dei har starta opp med leseveiledning og lesekurs. Dei har og laga eit informasjonsskriv om kva dei kan tilby. IKT -rettileiar har kursa lærarar i nokre onsdagsøkter i opplæring i bruk av IKT som kompensatorisk verkty. Ressursteamet seier at dei er opptekne av rekning i alle fag og av bruken av konkretiseringsmateriell i opplæringa.

Område 5: Betingelser for læring


- 5.1 Eg er ein tydeleg klasseleiar
- 5.2 Eg opplever at undervisninga mi skaper engasjement hos elevane
- 5.3 Eg har kompetanse i dei faga eg underviser i
- 5.4 Eg brukar ulike læringsarenaer i undervisninga mi
- 5.5 Eg presenterer ulike læremiddel som elevane kan bruka i sitt læringsarbeid
- 5.6 I mine timar kan elevane gjere val i forhold til korleis dei arbeider
- 5.7 I mine timar brukar elevane regelmessig digitale verktøy
- 5.8 På min skule har me i fellesskap kome fram til kva som kjenneteiknar god klasseleiing

5.1 Eg er ein tydeleg klasseleiar



Reell praksis: 5,29. **Ønska** praksis: 5,68. Gap: 0,39.

5.8 På min skule har me i fellesskap kome fram til kva som kjenneteiknar god klasseleiing



Reell praksis: 4,21. **Ønska** praksis: 5,25. Gap: 1,04.


I vår observasjon såg me mange gode dømer på tydeleg klasseleiing. Me såg lærarar som hadde presis oppstart av økta og gode overgongar. Me observerte og at uønska åtferd blei korrigert på lågaste nivå. Det var ro i klassane og konsentrasjon om læringsarbeidet.

I intervju med elevane kjem det fram at lærarane er tydelege og starter timane presis, men at det er ulik praksis i forhold til bruk av konsekvensar ved regelbrudd. Elevane fortel at mange lærarar er flinke til gjere faga meir interessante.

Lærarane fortel i intervju at det er felles rutinar på laget for å skape forutsigbare rammer for elevane. Desse er ikkje nedfelt skriftleg, men sit i kulturen og blir ivaretatt og vidareført av laget. Lærarane på ungdomssteget fortel at dei nyttar mykje tid første halvdel av 8. steget til å innarbeide felles rutinar og reglar. Dei fortel og at ved oppstarten av 8. steget blir det gjennomført ein «bli-kjent»-samtale med elevane.

Rektor fortel at skulen har brukt Kjetil Andre Hansen (Pedagogisk psykologisk rådgiver, Karmøy Kommune) til kursing i klasseleiing to gonger, men er litt usikker på om ein må ha felles standardar på alt. Nokre av lærarane trekkjer fram miljøarbeidaren sitt arbeid som ein viktig del for å få til eit godt læringsmiljø.

5.7 I mine timar brukar elevane regelmessig digitale verktøy



Reell praksis: 4,93. Ønska praksis: 5,41. Gap: 0,48.

Eigenvurderinga syner lite gap på dette området. I vår observasjon såg me elevar som nytta PC i skularbeidet og bruk av digitale tavler. I ein av timane me observerte på ungdomssteget blei oppsummering av læringsøkta gjort ved hjelp av det nettbaserte quizprogrammet [Kahoot](#) og bærbar PC.


Klasseromma er utstyrt med digital tavle og solskjerming. Rektor fortel at skulen leaser bærbare PC-ar og at desse står klare og opplada for reservasjon og bruk i timane.

Elevane fortel at dei bruker datamaskin når dei skal finne informasjon, til dømes i prosjektarbeid, og at dei bruker rekneark. Vidare fortel elevane at dei får bruke smartboard ved munnlege framføringar.

Område 6: Arbeidsmåtar

- 6.1 Eg lar elevane bruke ulike arbeidsmåtar i løpet av ei arbeidsøkt
- 6.2 I løpet av ein tidsperiode på nokre veker får elevane mine bruke eit breitt utval av arbeidsmåtar
- 6.3 Eg lærer elevane ulike læringsstrategiar
- 6.4 Eg oppfordrar elevane til å bruke ulike læringsstrategiar i læringsarbeidet
- 6.5 Eg legg til rette for at elevane kan samarbeide
- 6.6 Elevane kan påverka kva for arbeidsmåtar dei brukar
- 6.7 På min skule brukar me ein felles plan for elevane si opplæring i læringsstrategiar

6.1 Eg lar elevane bruke ulike arbeidsmåtar i løpet av ei arbeidsøkt




Reell praksis: 4,71. **Ønska** praksis: 5,39. Gap: 0,68.

I fleire av dei øktene me observerte såg me at varierte arbeidsmåtar blei brukt. I vår observasjon var det mest variasjon i løpet økta på barnesteget.

Nokre av lærarane seier i intervju at dei er opptekne av å variere kvar arbeidsøkt, medan andre seier at her har dei eit utviklingspotensiale.

I elevintervju kjem det fram at elevane meiner at variasjon i arbeidsmåtar varierar frå lærar til lærar og frå fag til fag. Dei fortel vidare at i nokre timar snakkar læraren mykje og det er lite tid til elevaktivitet. På spørsmål om kva som er ein god time svarer elevane at det er ein time med både teori og praktiske oppgåver og at elevane får bestemme litt.

6.4 Eg oppfordrar elevane til å bruke ulike læringsstrategiar i læringsarbeidet



Reell praksis: 4,93. **Ønska** praksis: 5,46. Gap: 0,54.


Eigenvurderinga syner her at det er lite gap mellom reell og ønska situasjon i høve til bruk av læringsstrategiar.

I vår observasjon såg me at ulike læringsstrategiar blei brukt av elevane og lærarane. Det var og læringsstøttande materiell synleggjort på veggane i klasseromma, særleg på barnesteget.

Område 7: Undervegsvurdering


- 7.1 Eg brukar tid i kvar læringsøkt til å vurdere arbeidet me har gjort i forhold til læringsmåla
- 7.2 I mi vurdering legg eg vekt på kva elevane har lukkast med
- 7.3 I mi vurdering brukar eg kun dei vurderingskriteria som elevane har fått vite om på førehand
- 7.4 Eg brukar vurderingskriteria saman med elevane for å finne ut kva som må betrast
- 7.5 På min skule har me utarbeidd felles vurderingskriterium i fag
- 7.6 På min skule diskuterer me pedagogiske og didaktiske omgrep knytt til vurdering
- 7.7 På min skule har me ei felles forståing av korleis me skal drive undervegsvurdering
- 7.8 Eg lar elevane vurdere eige arbeid

7.1 Lærer bruker tid i kvar læringsøkt til å vurdere læringsarbeidet elevane har gjort i forhold til læringsmåla



Reell praksis: 3,61. **Ønska** praksis: 4,96. Gap: 1,36.

7.4 Eg brukar vurderingskriteria saman med elevane for å finne ut kva som må betrast



Reell praksis: 4,21. **Ønska** praksis: 5,32. Gap: 1,11.


Eigenvurderinga syner på begge desse punkta eit gap på over ein.

Nokre av elevane seier i intervju at det varierer i kva grad dei får oppsummeringar i timar om kva dei har lært. Dei fortel og at oppsummering er noko som elevane ønskjer seg og som dei meiner er til hjelp for å forstå kva dei har lært. På spørsmål om dei bruker vurderingskriterier svarte elevane at i kunst og håndverk er dei kjent med dette. Elevane på ungdomssteget sa at blinkskjema for eigenvurdering blei brukt mykje på eitt av stega. I intervjuet kjem det fram at elevane på barnesteget er meir usikre på om dei brukte kriterier og kva dette er.

I vår observasjon såg me at læringsmåla gjennomgåande blei kommunisert til elevane både skriftleg og munnleg. I dei timane me observerte såg me einskilde oppsummeringar knytta til mål. Me såg og døme på bruk av vurderingskriterier og bruk av blinkskjema for å vurdere eiga arbeid.


Lærarane fortel at dei nyttar vurderingskriterier i kunst og håndverk, og i andre fag knytta til aktivitetar som lengre tekstar, prosjektarbeid og tentamen.

7.5 På min skule har me utarbeidd felles vurderingskriterium i fag



Reell praksis: 3,71. **Ønska** praksis: 4,71. Gap: 1,0.

7.7 På min skule har me ei felles forståing av korleis me skal drive undervegsvurdering



Reell praksis: 4,25. **Ønska** praksis: 5,29. Gap: 1,04.

Eigenvurderinga syner at på desse to punkta at det er eit ønskje i personalet om å få til meir felles vurderingskriterium i fag, og auka felles forståing om korleis ein skal drive undervegsvurdering.

I Handlingsplan 2013-2015 for skulen finn me følgande: «Tydelege mål og kriterier, faglege relevante tilbakemeldingar, råd om forbetring og involvering i vurderingsarbeidet, er viktig for å fremja læring.»


Lærarane seier i intervju at dei ikkje har felles kriterium i faga, og at dei bruker kriteria ulikt. På dei eldste stega bruker dei NordR og UDIR sine vurderingskriterium. Vidare fortel lærarane at dei snakkar ein del om vurderingskriterium på laga. Lærarane fortel at leiinga har sagt at det skal vere læringsmål, men dei har ikkje sagt så mykje om vurderingskriterium.

I intervju med leiinga seier dei at det blir leiinga si utfordring å prioritere og lage litt meir strømlinjeform/raud tråd for elevvurderinga i tråd med ønska frå personalet.

Område 8: Skuleleiing

- 8.1 Skulen si leiing etterspør korleis eg tilpassar opplæringa til elevane eg har
- 8.2 Skulen si leiing styrer bruk av tid og ressursar slik at me som lærarkollegium får arbeide for å nå målet om tilpassa opplæring
- 8.3 På trinnet mitt har me fått delegert beslutningsmyndigheit for bruk av tid og ressursar til tilpassa opplæring
- 8.4 Skulen si leiing syter for at me som lærarkollegium får ei felles pedagogisk plattform for arbeidet med tilpassa opplæring (t.d. å drøfte og konkludere felles forståing og bruk av omgrep, undervisningsmetodar for ulike føremål, vurderingsgrunnlag)
- 8.5 Skulen si leiing etterspør korleis eg brukar dei felles systema (t.d. rutinar, malar, læringsplattform) me blir einige om på skulen
- 8.6 Skulen si leiing syter for at eg regelmessig får dele erfaringar og reflektere saman med andre lærarar for å medareutvikle mi tilpassa opplæring (t.d. gjennom bruk av fellestid eller tid på stega, rettleiing, observasjon, kollegavurdering, nettverk)
- 8.7 Skulen si leiing legg aktivt til rette for mi kompetanseutvikling innan tilpassa opplæring (t.d. analyse av kartleggingsprøvar, observasjon og rettleiing, vurdering for læring, klasseleiing)
- 8.8 Eg oppfattar meg som lojal i forhold til vedtekne planar, rutinar og system me har på skulen
- 8.9 Eg opplever at me som kollegium er lojale i forhold til vedtekne planar, rutinar og system me har på skulen
- 8.10 Skulen si leiing er jamleg til stades i undervisninga mi (t.d. skulevandring)

8.3 På trinnet mitt har me fått delegert beslutningsmyndigheit for bruk av tid og ressursar til tilpassa opplæring




Reell praksis: 4,78. **Ønska** praksis: 5,19. Gap: 0,41.

Eigenvurderinga syner at her er det lite gap mellom reell og ønska praksis. I rektor sin statusoppdatering viser han til refleksjonsøkta ein har hatt i personalet over temaet auka felles ansvar for læringsutbyte. Han listar opp mellom anna sjølvstendige og ansvarleggjorte team som kan samarbeide, samt fleksibilitet som viktige moment.

Lærarane seier i intervju at fleksibilitet er ein styrke inn mot elevane, då ein kan snu om på organsieringa innad i laget frå time til time. Dei seier vidare at laga er samkjørte innad, og dei fortel at nytilsette blir godt ivaretatt.

8.4 Skulen si leiing syter for at me som lærarkollegium får ei felles pedagogisk plattform for arbeidet med tilpassa opplæring



Reell praksis: 4,37. **Ønska** praksis: 5,15. Gap: 0,78.

I analysen av eigenvurderinga skriv rektor at skulen har hatt rettleiing med Tone Guldahl frå IMTEC og har som eit resultat av dette starta med kollegaveiledning.

I intervju med lærarane kjem det fram at dei ønskjer ein felles overbygging for skulen og meir innsikt i kvarandre sin praksis. Nokre peiker og på behovet for meir felles tankegang og eins praksis innanfor undervegsvurdering. Det blir delt innad på laga og rektor har for inneverande skuleår lagt til rette for tid til deling i onsdagsøkt. Lærarane fortel at dei er positive til deleøkter, men at dei har ein veg å gå i høve til å bruke digitale verkty til deling på tvers av laga, til dømes ved bruk av læringsplattformen itslearning.

Ressursteamet seier i intervju at det er viktig at alt ein gjer heng saman, og at dette kan vidareutviklast når skulen går inn i den skulebaserte kompetanseutviklinga. Vidare seier dei at lagorganiseringa er positiv, og hindrar at ein som vaksenperson blir åleine med utfordringar.

På spørsmål om korleis leiinga vil legge til rette for at personalet i fellesskap kan arbeide mot auka felles forståing og ein felles pedagogisk plattform, svarer leiinga at her vil dei fortsetje med kollegaveiledninga, men spisse denne meir inn mot vurdering for læring. Dei vil og setje av bunden tid, og ha eit samarbeid med utviklingsrettleiar Brit-Mona Vang ved oppstart av skulebasert kompetanseutvikling.

Me ønsker Tysvær barne – og ungdomsskule lykke til med det vidare arbeidet!

Haugesund, den 21. mai 2014

Marianne Ramstad Notland

Louise Kvitvang

Olav Rommetveit Staveland